

**KOMMISJONSVEDTAK****av 25. januar 1999****om framgangsmåten for samsvarsattesting av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til prefabrikerte trappesystem(\*)***[meldt under nummeret K(1999) 113]*

(1999/89/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAP  
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggvarer<sup>(1)</sup>, endra ved direktiv 93/68/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

I samband med samsvarsattesting av ei vare må Kommisjonen velje den av dei to framgangsmåtane i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF som "er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten". Dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattesting at det ved fabrikken finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å rette seg etter dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.

Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definera slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.

Dei to framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF, er utførleg omtala i vedlegg III til direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtane skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.

Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til sistema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan

jamleg tilsyn og andre og tredje alternativ, medan framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til sistema i vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet –

**GJORT DETTE VEDTAKET:***Artikkel 1*

Dei varene som er førde opp i vedlegg I, skal samsvarsattesterast etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som produsenten gjennomfører ved fabrikken, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

*Artikkel 2*

Framgangsmåten for samsvarsattesting i medhald av vedlegg II skal gå fram av mandata for retningslinjer for europeisk teknisk godkjenning.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 25. januar 1999.

*For Kommisjonen**Martin BANGEMANN**Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 29 av 3.2.1999, s. 34, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 113/1999 av 24. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(2) TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

*VEDLEGG I*

**Prefabrikkerte trappesystem** (fullstendige trapper som vert marknadsførde som eit system med prefabrikkerte trinn og andre komponentar)(<sup>1</sup>)

- til bruk i bustader og andre bygningar.
- 

(<sup>1</sup>) Bortsett frå trapper i eitt stykke av betong og stål. Dette vedtaket omfattar heller ikkje tradisjonelt framstilte prefabrikkerte trapper av heiltre til innandørs bruk i einskildbygningars.

**VEDLEGG II****SAMSVARSATTESTERING**

*Merknad: Når det gjeld system som har fleire enn eitt av dei tiltenkte bruksområda som er førde opp for varegruppene nedanfor, vert dei oppgåvane som ligg på det melde organet, og som er avleidde av dei ulike systema for samsvarsattesting, kumulative.*

**VAREGRUPPE****PREFABRIKKERTE TRAPPESYSTEM (1/2)****1. System for samsvarsattesting**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar	System for samsvarsattesting
Prefabrikkerte trappesystem	Til bruk i bustader og andre bygningar	—	2 +

System 2 +: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), første alternativ, medrekna sertifisering av produksjonskontrollen ved fabrikken frå eit godkjent organ på grunnlag av innleiande inspeksjon av fabrikken og produksjonskontrollen ved fabrikken og på grunnlag av jamleg tilsyn, vurdering og godkjenning av produksjonskontrollen ved fabrikken.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

## VAREGRUPPE

## PREFABRIKKERTE TRAPPESYSTEM (2/2)

## 1. System for samsvarsattesting

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske organisasjonen for teknisk godkjenning (EOTA) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle retningslinjene for europeisk teknisk godkjenning:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar	System for samsvarsattesting
Prefabrikkerte trappesystem	All bruk som er underlagd reglar for yting ved brannpåverknad	A <sup>(1)</sup> , B <sup>(1)</sup> , C <sup>(1)</sup> — A <sup>(2)</sup> , B <sup>(2)</sup> , C <sup>(2)</sup> — A <sup>(3)</sup> , D, E, F	1 — 3 — 4

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

(<sup>1</sup>) Materiale der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen (gjeld vanlegvis materiale som vert utsette for kjemiske endringar, t.d. brannhemmende middel, eller materiale der endringar i samansetnaden kan føre til endringar i ytinga ved brannpåverknad).

(<sup>2</sup>) Materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen.

(<sup>3</sup>) Materiale i klasse A der ytinga ved brannpåverknad ikkje treng prøvast i samsvar med vedtak 96/603/EF.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.